



MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Møtedato: 26.11.2024

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 22/24 – 27/24

F 22/24	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG EVALUERING AV REFERATET FRÅ 19.09.2024
Vedlegg	Møteboka frå 19.09.2024 Innkallinga til møtet 26.11.2024
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 23/24	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Tilstandsrapport kyrkja, status• Redusert økonomisk driftsramme frå kommunen (Rammetilskotet i 2025 vert kr 1.040.000. Rammetilskotet i 2024 var kr. 1.085.000,-. Budsjettet for 2025 vert lagt fram på første møte etter nyttår)• Møtedatoer fram til haust 2025: 14/1, 18/3, 13/5 og 19/8.

F 24/24	MINDRE ENDRING I GRAVPLASSVEDTEKTENE
	<u>Bakgrunn:</u> Fedje kommune sin gravplassvedtekter vart godkjent av soknerådet i mars 2022 og stadfesta av Statsforvaltaren i april 2022. Lovgjevinga som gravplassmyndigheita arbeider etter, er regulerte i gravplasslova,



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

forskrift til gravplasslova og dei lokale gravplassvedtektene. Dei lokale vedtektene regulerer forhold som er aktuelle på gravplassane på Fedje. Dei lokale vedtektene har form av å vera forskrift.

I samband med at vi no har fått anlagt ein namna minnelund, har det kome spørsmål frå publikum om dei kan få sletta kistegraver og overføra namn til ei namneplate som vert festa til det felles minnesmerket i den namna minnelunden.

Dette lot seg ikkje gjera tidlegare, sidan nasjonale reglar sette ein bom for ein slik praksis. No er dette endra og det er mogeleg å opna for ein slik praksis.

Skal ein opna eller lukka for ein slik praksis, så bør dette inn som ei endring/tillegg i dei lokale vedtektene, som skal behandlast i soknerådet og stadfestast av Statsforvaltaren.

I det regulerede urnefeltet knytt til minnelunden er det plass til 36 urner. Fronten på minnesteinen har plass til 54 namneplater. Det er også mogeleg å plassera namneplater på andre sida av minnesteinen.

Drøfting:

På den eine sida vil ein kunna leggja til rette for meir gjenbruk av kistegraver om ein opnar for at festarar kan få sletta graver og få namn overført til ei namneplate på minnesteinen. Dette kan bidra til at ein får fleire slettingar og dermed meir frigjort areal til gjenbruk. Det kan også vera slik at ei minneplate i minnelunden, gjerne vert eit val ein vil foretrekka framfor ei namnepåføring til ein gravstein. Minneplatene i minnelunden har ikkje festarane ansvar for å halda vedlike heller.

Ulempa med ein slik praksis er at dette fort kan bli for populært.

Dermed *kan* det skje at det kan bli trangt om plassen på den felles minnesteinen. I verste fall kan ein oppleve at det ikkje vert plass til namneplater som er knytt direkte til arealet berekna på den namna minnelunden. Det er plass til fleire namneplater enn det er regulerede urneplassar i det konkrete feltet til minnelunden. Likevel vil det i framtida vera mogeleg å setja ned urner andre stader på gravplassen og få ei namneplate på minnesteinen. Om vi i tillegg skal opna for namneoverføringar frå sletta graver til namneplater på minnesteinen, så kan ein risikera at det ikkje vil vera plass til namneplater her. Kyrkjeverja innstiller på at det i dei lokale vedtekten ikkje vert opna for ein slik praksis.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd opnar ikkje for ein praksis der det er mogeleg å sletta kistegraver og få namn overført til ei plate som vert festa til



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><i>minnesteinen i den namna minnelunden. Soknerådet grunnjev dette med at det felles minnesmerket skal prioriterast for det regulerde urnefeltet til den namna minnelunden. Vidare skal den felles minnesteinen vera prioritert urnenedsetjing andre stader på gravplassane, der det vert opna for å kopla slik gravlegging til ei namneplate i minnelunden. Ordninga kjem som eit tillegg til dei lokale gravplassvedtektene § 11. Soknet oversender vedtaket til Statsforvaltaren og ber om godkjenning av dette tillegget.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd opnar ikkje for ein praksis der det er mogeleg å sletta kistegraver og få namn overført til ei plate som vert festa til minnesteinen i den namna minnelunden. Soknerådet grunnjev dette med at det felles minnesmerket skal prioriterast for det regulerde urnefeltet til den namna minnelunden. Vidare skal den felles minnesteinen vera prioritert urnenedsetjing andre stader på gravplassane, der det vert opna for å kopla slik gravlegging til ei namneplate i minnelunden. Ordninga kjem som eit tillegg til dei lokale gravplassvedtektene § 11. Soknet oversender vedtaket til Statsforvaltaren og ber om godkjenning av dette tillegget.</p>

F 25/25	BLANDING AV ENKLE OG DOBLE GRAVER?
	<p><u>Bakgrunn:</u> Kyrkjekontoret ønskjer soknerådet si tilråding på korleis vi bør forhalda oss til spørsmålet om vi skal ha eigne felt for enkle og doble graver på den nye delen av Bøgardsvika gravplass eller ikkje. På den eldste delen av denne gravplassen er det eigne felt for enkle og doble graver.</p> <p>Dei lokale gravplassvedtektene § 7 seier at eit gravminne i ei dobbeltgrav skal midtstillast når begge er gravlagte.</p> <p><u>Drøfting:</u> Argumentet for å ha eigne felt for enkle og doble graver er at det estetisk ser fint ut. Å blanda enkle og doble graver i samme feltet, der ein samstundes midtstiller gravminner i dobbeltgraver, vil sjå rotete ut.</p> <p>Argumentet mot å opna for eigne felt med doble graver, er at det då kan oppfattast at ein legg til rette for ein gravleggingspraksis ein ønskjer mindre av. Det er ønskjeleg med færrest mogeleg doble graver, rett og slett for å spara arealet på gravplassen. Om ein skulle opna for ein ny praksis med ikkje å midtstilla dobbeltgraver (av estetiske grunnar), så må dette punktet i gravplassvedtektene også endrast.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.
	Fedje sokneråd tilrår at det er mogleg å bestilla dobbeltgrav, men har ingen formeining av korleis dei vert plassert.

F 26/24	HØYRINGSSAK KYRKJEVALSORDNINGA
	<p><u>Bakgrunn:</u> Fedje kyrkjelege fellesråd er velt ut til å gje uttale om kyrkjevalsordninga. Kyrkerådet har bedt både store, mellomstore og små fellesråd om å avgje slik uttale. Høyringsfristen er 6. desember.</p> <p>Saksframstillinga her er ein gjennomgang av bakgrunn for kyrkjevalet med ei kort drøfting. Til slutt i saka tek kyrkjeverja for seg høyringsdokumentet med spørsmål og forslag til svar. Dette vert framlegget til vedtak.</p> <p>Etter at Stortinget inngjekk eit nesten samla kyrkjeforlik i 2009, i prosessen for å førebu skiljet mellom stat og kyrkje, var det viktig for politikarane å sikra at kyrkja på alle nivå skulle ha ein brei representasjon av sine medlemmer. Dette for å sikra at kyrkja skulle vera demokratisk og ein aktiv og relevant samarbeidspart i sine respektive lokalsamfunn.</p> <p>På bakgrunn av dette forliket vart det bestemt at kyrkjevalet skulle avviklast samtidig med kommunevalet – og i fysisk umiddelbar nærleik til vallokala til kommune og fylkestingsvalet. Dette har vore ein praksis ein har hatt sidan den tid.</p> <p>Erfaringane med denne er praksisen, er at det ikkje har ført til så høg valdeltaking som ein ønskte. På landsbasis gjekk valdeltakinga i kyrkjevalet ned frå 12,9 % i 2019 til 9,1 % i 2023. På Fedje har ein hatt brukbar deltaking i kyrkjevalet med ei deltaking på ca. 35 %. Nytt i 2023 var at ein kunne røysta digitalt i form av førehandsrøysting. Av dei som røysta i kyrkjevalet, har digital stemmegjeving vore ein suksess. Likevel har valdeltakinga samla sett vore synkande.</p> <p>No er det formelle skiljet mellom kyrkje og stat ein realitet. Det betyr at kyrkja sjølv kan bestemma korleis valordninga skal vera. Det er samstundes viktig for Kyrkerådet å ha ei valordning som vert oppfatta som demokratisk nok.</p> <p>Tilbakemeldingar henta inn etter det siste kyrkjevalet, syner at måten å gjennomføra valet på, har blitt opplevd som alt for omfattande og</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

arbeidskrevjande, i tillegg til at kostnaden med å gjennomføra valet har blitt opplevd som alt for høge, både lokalt og sentralt

Kyrkjerådet har på bakgrunn av dette foreslått endringar i måten kyrkjevalet skal gå føre seg på og legg ut på høyring 3 alternative måtar:

1. Kyrkjevalet vert heildigitalt.
Ingen lokal gjennomføring, alt er heildigitalt. Medlemmar må identifisera seg elektronisk, td. ved bankid eller liknande. Kyrkjerådet betalar ingenting til fellesråda for å gjennomføra valet.
2. Kyrkjevalet vert gjort digitalt men med begrensa høve for å stemma med oppmøte. *Ei kombinert valordning med digital førehandsrøysting og høve til å stemma ved oppmøte. Stemming ved oppmøte vil i vera på papir og då forbeholdt medlemmer som ikkje har eller kan benytta elektronisk id. Det vert arbeid med å laga ei ordning der den som stemmer får hjelp til innlogging og røysting. På den måten kan ein få hjelp til å stemma digitalt også ved oppmøte. Kyrkjerådet kompenserer ikkje fellesråda for å gjennomføra valet. Oppmøtet vil vera avgrensa. Oppmøte kan skje til dømes på kyrjekontoret. Det vil ikkje vera eit krav om at det må haldast ope på valdagen.*
3. Kyrkjevalet vert gjennomført med digital førehandsrøysting og med fysisk avstemming på valdagen. *Samme ordning som i dag, med unntak av høve for fysisk førehandsrøysting.*

Uavhengig av kva for alternativ som vert velt vil Kyrkjerådet utarbeida ein ny digital valmodul til neste val. Det er heller ikkje avgjort om neste val skal vera i samme tidsintervall som kommune og fylkestingsvalet. **Kyrkjerådet tilrår alternativ 2 som tilrådd valordning ved neste kyrkjeval.**

Val til bispedømeråd:

Erfaring syner at det er færre som avgjer si stemme til bispedømerådsvalet enn til soknerådsvalet. Mange stemmer utelukkande på sokneråda, og dei seier ofte at «eg kjenner ingen kandidatar til bispedømerådet og eg veit ikkje kva dette rådet står for.»

Bispedømerådet hadde før tisetjingsansvar for prestane. Dette har dei ikkje lengre, berre med unntak av prostetilsetjingane.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

Bispedømerådet sine oppgåver er i endring. Dei vil no i større grad vera eit strategisk råd for å prioritera oppgåver kyrkja skal arbeida med, både lokalt og regionalt.

Val til bispedømerådet skjer no som direkte val på kandidatane. Ved sist val var det 3 lister med kandidatar. Kandidatane treng ikkje vera medlemmar av eit sokneråd. Bispedømerådet har si eiga liste: Nominasjonskomiteens liste. Denne er foreslått avvikla. Andre grupperingar kan stilla liste.

Likevel skal det alltid vera ein prest og ein kyrkjeleg tilsetjing med annan bakgrunn blant medlemmane av rådet. Desse to vert velt indirekte, blant andre kyrkjeleg tisetste. Kyrkjeleg tilsette har ikkje lov til å stemma ved val til nytt bispedømeråd.

Enn så lenge ønskjer ikkje Kyrkjerådet å endra ordninga med direkte val til bispedømeråd. Eit indirekte val til bispedømeråda, ville ha betydd at bispedømerådet ville bestått av folk som samstundes var representert av eit sokneråd.

Førehandsrøysting:

Den digitale førehandsrøystinga ved sist val vart vurdert å vera ein suksess. Dette kjem Kyrkjerådet uansett til å arbeida vidare med, uavhengig av kva for type valordning ein landar på.

Denne høyringa har ikkje drøfta høvet for å innhenta førehandsrøyster på papir. Kyrkjekontora har hatt praksis med å tilby førehandsrøysting på sjukeheimane. Dette har vore eit tilbod til medlemmer som vanskeleg kan ta seg fysisk ut til vallokalet. Mange av dei har ikkje eller er i mindre grad istand til å bruka digitale løysingar.

Lik eller vekta representasjon i val til Kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet består av medlemmane i bispedømeråda. Slik valordninga er i dag har kvart bispedøme 7 representantar i tillegg til biskop, valgt prest og valgt lek kyrkjeleg tilsett. Det betyr at bispedøme med færre medlemmer har like stor representasjon som tett befolka bispedømer. Fleire har tatt til orde for å endra dette prinsippet, slik at bispedømer med flest medlemmer også får fleire representantar inn i Kyrkjemøtet. Eit knapt fleirtal i Kyrkjeåret går inn for ei ordning der bispedømer med flest medlemmer vert betre representert i Kyrkjemøtet. Det betyr at bispedømer med færre medlemmer også får færre representantar til Kyrkjemøtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Drøfting:

Når soknerådet no skal avgje uttale om valordninga til neste kyrkjeval, er det kyrkjeverja si meining at det er soknerådsvalet som er det viktigaste ein bør gje innspel til. Dette har også samanheng med erfaringane av at det er dette valet som dei fleste lokalt prioriterer.

Kyrkjeverja tilrår ei støtte til Kyrkjerådet si anbefaling av alternativ 2 som valordning ved neste kyrkjeval. Slik kyrkjevalet har blitt rigga både ved valet i 2019 og 2023, har alt for mykje av dei lokale ressursane gått med til å rigga og gjennomføra valet. Alle vi som har arbeidd med dette lokalt er enige om at det er behov for vesentlege endringar og forenklingar ved neste runde.

Høyringsdokumenta ser ikkje ut til å drøfta behovet for å tilby førehandsrøysting på institusjonar. Dette vil det vera eit behov for i framtida også og dette bør spelast inn som ein merknad. Når tilgangen til å kunna stemma fysisk vert avgrensa, bør ein samstundes ivareta behovet til medlemmer som har fysiske hindringar for å møta opp og/eller ikkje kan eller vil vera digitale.

Kyrkjeverja har ingen særskilt meining om tidsrommet for kyrkjevalet i 2027. Her må gjerne soknerådet koma med innspel.

Kyrkjeverja har ingen meining om bispedømeråda bør avvikla si eiga liste, som er kalla Nominasjonskomiteens liste.

Kyrkjeverja meiner av prinsipp at bispedømerådet sine medlemmer (med unntak av dei tilsette representantane) burde veljast gjennom indirekte val. Det vil seia at bispedømerådet burde bestå av folk som allereie er medlemmar av sokneråd. Ved direkte val som no er dette berre delvis tilfelle. Dermed består bispedømerådet sine medlemmer av mange som ikkje er medlemmer av eit sokneråd. Dette er uheldig fordi bispedømerådet bør representera soknet og vera sokna sin forlenga arm inn i bispedømerådet. Kyrkjeverja sitt framlegg i høyringsdokumentet vil då vera at ein ikkje støttar forslaget om direkte val.

Når det gjeld representasjon til Kyrkjemøtet, støttar kyrkjeverja mindretalet i Kyrkjerådet, at dagens ordning med likt tall på representantar frå kvart bispedøme, vert ført vidare som i dag. Grunngevinga for dette er at det er store skilnader på byliknande område og grisgrendte sokn. Det er viktig at behova til dei små sokna, gjerne i kombinasjon med store avstandar, vert synleggjort i



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Kyrkjemøtet. Desse behova vert svekka med ei ordning der dei folkerike bispedøma også får dei fleste representantane.

Framlegg til vedtak:

HØYRINGSDOKUMENTET: *Framlegg til svar på undersøkinga:*

1. Svarar som sokneråd med fellesrådsfunksjonar
2. Fedje sokneråd/kyrkjelege fellesråd
3. Kontaktperson: *Leif Arne Økland*
4. Bispedøme: *Bjørgvin*
5. Digitalt val eller digitalt og fysisk val: Alternativ 1; *Ja, vi ønskjer kyrkjevalet gjennomført med avgrensa høve for å stemma ved oppmøte*
6. Grunngeving og andre merknader: *Det er eit stort behov for forenklingar. Fedje kyrkjelege fellesråd meiner det framleis må vera mogeleg å oppsøkje institusjonar for å tilby førehandsrøysting på papir. Dette for å ta omsyn til medlemmer som ikkje kan ta seg ut fysisk eller som har vanskar med å gjera seg nytte av digitale løysingar.*
7. Tidspunkt for kyrkjevalet. Kyrkjerådet vurderer å leggja kyrkjevalet til eit anna tidsrom enn kommunevalet. Kva er best tidsrom i 2027?
August – september 2027
Oktober – november 2027
Veit ikkje
Inga meining
Kyrkjeverja har ingen framlegg her
8. Grunngeving og merknader: *Ingen framlegg*
9. Meininger om seinare val: *Ingen framlegg*
10. Ordning for val av bispedømeråd og Kyrkjemøte - Avvikla ordninga med nominasjonskomiteens liste til bispedømeråd og Kyrkjemøte: *Ingen framlegg*
11. Grunngeving og andre meknader: *Ingen framlegg*
12. Om framhald i ordninga med direkte til val til bispedømeråd og Kyrkjemøte: *Nei*
13. Grunngeving: *Bispedømerådet og dermed Kyrkjemøtet bør bestå av medlemmer som også er medlemmer av eit sokneråd. Ordninga med direkte val svekkar soknet sin representasjon, som skal vera grunneininga i kyrkja.*
14. Gjeld praksisen med å føra på namn på kandidatar som ikkje er spurt på førehand (gjeld sokneråd): *Fedje kyrkjelge fellesråd støttar framlegget om at dette ikkje skal vera mogeleg.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>15. Grunngeving: <i>Å føra opp personar på ei liste som ikkje er spurt om det er ein uting. Soknerådet er avhengige av medlemmer som er motiverte for å vera i eit slikt råd.</i></p> <p>16. Vidareføra ordninga med sperregrense på 5 % ved personlege stemmer: <i>Ingen meining.</i></p> <p>17. Grunngeving av dette: <i>Ingen meining.</i></p> <p>18. Vidareføra ordninga med forholdsval til soknerådet (fleire lister) som i dag: <i>Ja</i></p> <p>19. Grunngeving: <i>Har likevel ingen praktisk betydning sidan utfordringa er å fylla den eine lista ein har.</i></p> <p>20. Vidareføra og forenkla ordninga med å supplera kandidatar til soknerådet: <i>Ingen meining.</i></p> <p>21. Grunngeving: <i>Ingen meining.</i></p> <p>22. Kyrkjemøtet si samansetjing: <i>Særskilt representasjon av prestar: Ingen meining.</i></p> <p>23. Samme sak; særskilt representasjon av kyrkjeleg tilsette: <i>Ingen meining.</i></p> <p>24. Særskilte merknader: <i>Ingen meining.</i></p> <p>25. Fleirtalsval eller preferanseval av prestar og lek kyrkjeleg tilsette: <i>Ingen meining</i></p> <p>26. Grunngeving av dette: <i>Ingen meining.</i></p> <p>27. Vekta eller lik representasjon frå kvart bispedøme til Kyrkjemøtet: <i>Nei, vi ønskjer framleis at det skal veljast 7 medlemmer frå kvart bispedøme.</i></p> <p>28. Grunngeving: <i>Sokn med færrest medlemmer gjerne i kombinasjon med store avstandar, vert dårlegare representert ved ein vekta representasjon til Kyrkjemøtet. Behova i dei grisgrendte strøka er heilt annleis enn behova i sokn og område med mange medlemmer. Forståing for desse behova sikrar ein best ved å halda fast på dagens ordning.</i></p> <p>29. Andre merknader: <i>Nei.</i></p>
Vedtak:	<ol style="list-style-type: none">Svarar som sokneråd med fellelrådsfunksjonarFedje sokneråd/kyrkjelege fellelrådKontaktperson: <i>Leif Arne Økland</i>Bispedøme: <i>Bjørgvin</i>Digitalt val eller digitalt og fysisk val: Alternativ 1; <i>Ja, vi ønskjer kyrkjevalet gjennomført med avgrensa høve for å stemma ved oppmøte</i>Grunngeving og andre merknader: <i>Det er eit stort behov for forenklingar. Fedje kyrkjelege fellelråd meiner det framleis må vera mogeleg å oppsøkje institusjonar for å tilby førehandsrøysting på papir. Dette for å ta omsyn til</i>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

medlemmer som ikkje kan ta seg ut fysisk eller som har vanskar med å gjera seg nytte av digitale løysingar.

- 7. Tidspunkt for kyrkjevalet. Kyrkjerådet vurderer å leggja kyrkjevalet til eit anna tidsrom enn kommunevalet. Kva er best tidsrom i 2027?**

August – september 2027

- 8. Grunngeving og merknader:** *Fedje kyrkjelege fellesråd meiner den digitale delen av soknerådsvalet må avviklast i dagane før og rundt det ordinære kommune og fylkestingsvalet. Det vil vera lettare å minna befolkninga om at dei må hugsa å stemma ved kyrkjevalet også ved at kyrkjevalet vert lagt til omtrent samme tidsinterval som kommunevalet.*

- 9. Meininger om seinare val:** *Ingen framlegg*

- 10. Ordning for val av bispedømeråd og Kyrkjemøte - Avvikla ordninga med nominasjonskomiteens liste til bispedømeråd og Kyrkjemøte:** *Ingen framlegg*

- 11. Grunngeving og andre meknader:** *Om det vert innført ei ordning med indirekte val til bispedømerådet, med representasjon frå sokneråda, vert nominasjonskomiteens liste mindre relevant.*

- 12. Om framhald i ordninga med direkte til val til bispedømeråd og Kyrkjemøte:** *Nei*

- 13. Grunngeving:** *Bispedømerådet og dermed Kyrkjemøtet bør bestå av medlemmer som også er medlemmer av eit sokneråd. Ordninga med direkte val svekkar soknet sin representasjon, som skal vera grunneininga i kyrkja.*

- 14. Gjeld praksisen med å føra på namn på kandidatar som ikkje er spurt på førehand (gjeld sokneråd):** *Fedje kyrkjelge fellesråd støttar framlegget om at dette ikkje skal vera mogeleg.*

- 15. Grunngeving:** *Å føra opp personar på ei liste som ikkje er spurt om det er ein uting. Soknerådet er avhengige av medlemmer som er motiverte for å vera i eit slikt råd.*

- 16. Vidareføra ordninga med sperregrense på 5 % ved personlege stemmer:** *Ingen mening.*

- 17. Grunngeving av dette:** *Ingen mening.*

- 18. Vidareføra ordninga med forholdsval til soknerådet (fleire lister) som i dag:** *Ja*

- 19. Grunngeving:** *Har likevel ingen praktisk betydning sidan utfordringa er å fylla den eine lista ein har.*

- 20. Vidareføra og forenkla ordninga med å supplera kandidatar til soknerådet:** *Ingen mening.*

- 21. Grunngeving:** *Ingen mening.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>22. Kyrkjemøtet si samansetjing: Særskilt representasjon av prestar: <i>Ingen meining.</i></p> <p>23. Samme sak; særskilt representasjon av kyrkjeleg tilsette: <i>Ingen meining.</i></p> <p>24. Særskilte merknader: <i>Ingen meining.</i></p> <p>25. Fleirtalsval eller preferanseval av prestar og lek kyrkjeleg tilsette: <i>Ingen meining</i></p> <p>26. Grunngeving av dette: <i>Ingen meining.</i></p> <p>27. Vekta eller lik representasjon frå kvart bispedøme til Kyrkjemøtet: <i>Nei, vi ønskjer framleis at det skal veljast 7 medlemmer frå kvart bispedøme.</i></p> <p>28. Grunngeving: <i>Sokn med færrest medlemmer gjerne i kombinasjon med store avstandar, vert dårlegare representert ved ein vekta representasjon til Kyrkjemøtet. Behova i dei grisgrendte strøka er heilt annleis enn behova i sokn og område med mange medlemmer. Forståing for desse behova sikrar ein best ved å halda fast på dagens ordning.</i></p> <p>Andre merknader: <i>Nei.</i></p>
--	---

F 27/24	<p>JUSTERING AV LEIGEKOSTNADER KYRKJA OG GRAVSTELL</p> <p>Bakgrunn: Det er behov for å ta ein gjennomgang og presisering av ulike leigekostnader for bruken av kyrkja. Vi opererer allereie med fleire ulike kostnader her. Noko av dette manglar også forankring i soknerådet.</p> <p>Dette er gjeldande kostnader:</p> <ul style="list-style-type: none">• Leige av kyrkja til konsertar og liknande der det vert tatt inngangspengar: kr. 1.500,- eller 15 % av billettinntektene om desse overstig grunnsummen på kr.1.500,-. Kyrkja har kostnader til oppvarming og ekstra reinhald som ikkje dekker minsteprisen. På ein konsert må det også vera ein som er brannansvarleg, om ikkje kyrkjetenar kan stilla.• Utanbygds vigsel eller vigsel for ikkje-medlemmer: kr. 3.000,- + kostnader ved leige av kyrkja sitt personell kr. 2.700,-. Dette vart avgjort i F-sak 11/22.• Busslaster med turistar som får omvisning i kyrkja som ein del av eit dagsprogram i regi av landhandleriet: soknerådsleiar forhandla seg til ein pris på kr. 250,- kvar gong.• Omvisning og foredrag i kyrkja i regi av andre: Ingen leigekostnad. Kan heller ikkje forventast oppvarming av kyrkja.
---------	--



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Vi manglar vedtak på leige av kyrkja til utanbygds gravferd/bisetjing.

Kostnader for gravstell i regi av soknet er no kr. 1.900,- i året.

Kostnadane har ikkje vore regulerte sidan 2019.

Innhald i gravstellet er:

- Blomar til 17. mai
- Sommarblomar
- Haustplantar
- Krans til jul
- Vatning og luking etter behov

Den som utfører gravstell for soknet er Evy Beate Uthaug. Ho får dekning for denne tenesta i form av medgåtte timar.

Gebyret for gravstell andre stader med tilsvarande innhald, kostar for tida om lag kr. 2.300,-. Gebyret fører til fråtrekk for mva., den dagen ein overstig omsetjingsgrensa (pt. Kr. 50.000,-)

Drøfting:

Leige av kyrkja på kr. 1.500,- til ein konsert med bilettinntekter, synest vera for lågt. Minsteprisen – som slår inn om bilettsalet sviktar – dekker knapt utgiftene til oppvarming og i alle fall ikkje ekstra utgifter til reinhald. Minsteprisen bør såleis aukast.

Soknerådet bør likevel diskutera om det bør vera skilnader på utleige til lokale aktørar i forhold til eksterne. Burde det vera ein høgare grunnpris på utleige til ein ekstern aktør? Ein lågare grunnpris til lokale kan vera positivt for samhandlinga med kyrkja, gjerne i form av tenester for kyrkja i andre samanhengar (td. songbidrag i ei gudsteneste).

Det bør fastsetjast leigepriisar for utanbygds gravferder/bisetjingar tilsvarande som for vigslar for folk som enten ikkje er medlemmer eller ikkje har bustadadresse på Fedje. Alt som handlar om utanbygds gravleggingar har vore inkludert i det gjeldande gebyret for utanbygds gravlegging. Dette er det behov for å endra, sidan kostnadane for eit gebyr for utanbygds gravlegging og leige av kyrkja til ei gravferd, bør skiljast ifrå ein annan.

Utanbygds gravferder og vigslar er kyrkjelege handlingar, som i tillegg til utleige av sjølve kyrkja også vil krevja utgifter til kyrkjemusikar og kyrkjetenar. Fedje sokn har større utfordringar enn andre, når det gjeld å gjera seg nytte av kyrkjemusikar. Vikarar tek ein høgare pris for å ta på seg oppdrag på Fedje, grunna ferjetider og generell lang



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

avstand. Difor bør leigekostnader av kyrkja sitt personell avspegla dette.

Guida omvisning i kyrkja, gjerne i kombinasjon med eit foredrag om Fedjekyrkja og Fedjesamfunnet, har til no vore gratis. Det ligg ingen føringar på dette med oppvarming. Dette byggjer gode relasjonar mellom kyrkja og Fedjesamfunnet og det kan vera gode grunnar til å halda fram med at dette framleis skal vera gratis.

Guida turar i annan kommersiell i regi av landhandleriet, der kyrkja er ein del av programmet, har i den seinare tid blitt fakturert med kr. 250,- kvar gong. Det vert opplevd som rimeleg at kyrkja vert tilgodesett med ein mindre sum for kvart besøk. Slike besøk vil krevja ekstra reinhald.

Når det gjeld **gravstell**, finn kyrkjevevja det rimeleg å auka årsprisen til samme nivå som andre har. Nivået har ikkje vore auka dei siste 5 åra. Gebyrauken bør avspegla den generelle løns- og prisveksten. Så lenge Fedje sokn ligg under omsetjingsgrensa, så vil ein kunna behalda heile beløpet utan å trekkja frå mva. Gravstellsutgifter gjeld i all hovudsak til private. Difor bør mva. trekkjast frå og ikkje leggjast til summen for årleg gravstell, om ein skulle bli mva pliktig. På samme måten som med festeavgiftene, bør ein kunna innføra ei ordning med årleg prisjustering, tilsvarande konsumprisindeksen.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd justerer prisane for leige av kyrkja og kyrkja sitt personell med verknad frå og med 1. januar 2025 etter følgjande satsar:

- *Leige av kyrkja til konsertar og liknande som inkluderer billettinntekter og gjennomført av arrangør busett på Fedje: Minstesum kr. 2.000,- eller 15 % av brutto billettinntekter om desse overstig minstesummen.*
- *Tilsvarande leige av kyrkja til konsertar og liknande og gjennomført av arrangør som er busett utanfor Fedje: Minstesum kr. 3.000,- eller 15 % av brutto billettinntekter om desse overstig minstesummen.*
- *Utanbygds gravferd/bisetjing eller vigsel for ikkje-medlemmar eller par busett utanfor Fedje: Leige av kyrkja kr. 3.000,- + leige av kyrkjetenar og kyrkjemusikar kr. 5.000,-.*
- *Guida tur med omvisning i kyrkja i kombinasjon med historisk bakgrunn for kyrkja og Fedjesamfunnet: Gratis leige. Ingen ekstra oppvarming.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• <i>Guida tur som ein del av den kommersiell verksemda til landhandleriet eller andre, der kyrkja er ein del av pakken: kr. 250,- kvar gong.</i>• <i>Gebyr stelleavgift: kr. 2.300,-. Summen vert indeksregulert årleg. Gebyret vil vera mva. pliktig om soknet oppnår ei omsetjing over grensa for dette. Eventuell meirverdiavgift vert trekt frå summen (kr. 2.300,- etter 2025 pris).</i>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd justerer prisane for leige av kyrkja og kyrkja sitt personell med verknad frå og med 1. januar 2025 etter følgjande satsar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Leige av kyrkja til konsertar og liknande som inkluderer billettinntekter og gjennomført av arrangør busett på Fedje: Minstesum kr. 2.500,- eller 15 % av brutto billettinntekter om desse overstig minstesummen.• Tilsvarande leige av kyrkja til konsertar og liknande og gjennomført av arrangør som er busett utanfor Fedje: Minstesum kr. 3.500,- eller 15 % av brutto billettinntekter om desse overstig minstesummen.• Utanbygds gravferd/bisetjing eller vigsel for ikkje-medlemmar eller par busett utanfor Fedje: Leige av kyrkja kr. 3.000,- + leige av kyrkjetenar og kyrkjemusikar kr. 5.000,-.• Guida tur med omvisning i kyrkja i kombinasjon med historisk bakgrunn for kyrkja og Fedjesamfunnet: kr. 500,- kvar gong.• Guida tur som ein del av den kommersiell verksemda til landhandleriet eller andre, der kyrkja er ein del av pakken: kr. 500,- kvar gong.• Gebyr stelleavgift: kr. 2.300,-. Summen vert indeksregulert årleg. Gebyret vil vera mva. pliktig om soknet oppnår ei omsetjing over grensa for dette. Eventuell meirverdiavgift vert trekt frå summen (kr. 2.300,- etter 2025 pris).



MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 22/24 – S 27/24

S 22/24	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 27.05.2024
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 19.09.2024 Innkallinga til møtet 26.11.2024
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 23/24	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Kyrkjebasar i november. Resultat. <i>Fint forslag om innkjøp av blomsterurne ved minnestein/lys i trapp opp til kolera gravplassen, men soknerådet foreslår heller å prioritere oppgradering av toalettforholda.</i>• Endring i samansetjinga av soknerådet, grunna flytting.• Julekonsert 9/12 kl. 18 <i>Kåre Berge tar på seg å lede konserten.</i>• Soknerådsleiar har vert i kontakt med kommunal direktør om markering av 8. mai, om at kyrkja ønskjer å bli involvert

S 24/24	INNFØRING AV GJEVARTENESTE?
	<u>Bakgrunn:</u> Fedje Sokn får ein reduksjon i det kommunale tilskotet for 2025. Tilskotet utgjer kr. 1.040.000,-. Tilsvarande tilskot i 2024 har vore på kr. 1.085.000,-.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Reduksjonen er krevjande og vil føra til at soknet ikkje vil klara å gå i balanse i 2025, men må sjå for seg eit meirforbruk, som vert dekkja inn av fond.

I 2023 gjekk soknet ut med eit marginalt mindreforbruk. Det er sannsynleg med eit meirforbruk i 2024. Dette skuldast generell løns- og prisvekst, i tillegg til at sekretærstillinga er auka med 5 % og at løn til trusopplærar vil bli høgare i inneverande år, rett og slett fordi vi no er meir der vi skal vera med tanke på å bruka midlar på trusopplæring.

Soknet sin administrasjon driv effektivt og rasjonelt. Samhandlinga av stabsfunksjonar med Austrheim sokn har tent Fedje sokn på ein god måte.

Og kyrkja har gode støtteselarar som ønskjer å bidra, jamfør den nyleg avvikla kyrkjobasaren.

Kyrkja er likevel i ein økonomisk skvis og bør få fleire bein å stå på. Fleire inntekter bør og skal ikkje koma som ei motsetjing til det kommunale tilskotet.

Austrheim sokn har i mange år hatt si eiga gjevarteneste. Denne utgjer inntekter på om lag kr. 100.000,- i året. Gjevartenesta er verdifull og eit heilt nødvendig supplement til soknet sin økonomi. Gjevartenesta i Austrheim går til å delfinansiera trusopplæringa. I kombinasjon med det statlege trusopplæringstilskotet vert trusopplæringa i Austrheim finansiert på denne måten.

Vi har rutinar med skattefrådrag på friviljuge gåver til kyrkja.

Soknerådet vert med dette utfordra til å drøfta om det bør innførast ei gjevarteneste i Fedje sokn.

Ein tanke kan vera at ein har ei målsetjing om å lønna trusopplærarstillinga på denne måten. Til trusopplæringa er det også utgifter til materiell og liknande. Vår trusopplærar er Ishbel Salte. Ho har ein timebasert 15 % stilling. Lønna hennar skal gå til å gjennomføra typiske trusopplæringstiltak som Tårnagent og Lys Vaken og andre enkeltarrangement. Tyngden av Ishbel sine oppgåver er likevel drift av det nystarta barnekoret. Dei har allereie sunge på arrangement i kyrkja. Eit slikt gjennomgårande tiltak er verdifullt.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Fedje sokneråd ber om at innføring av gjevarteneste vert presentert ved innlegg på kyrkja si heimeside, facebook, kunngjeringar i gudsteneste, og som eit fast innlegg i Kvardag & Helg.
--	---

S 25/24	MOGELEG FRIVILJUG ARBEID I SAMARBEID MED KOMMUNEN?
	<u>Bakgrunn:</u> I sist samarbeids møte med kommunen, vart soknet utfordra på dette med friviljug arbeid og kva innhald dette kan ha. Det vert oppfordra til ei samtale i soknerådet om dette.
	Fedje sokneråd avtalte følgande: <ul style="list-style-type: none">• faste medlemmer kjem med eit eller to forslag om kva dei sjølv kan bidra med, og at saka kjem opp på neste møte.• kyrkjeskyss er ein teneste som kan starta omgåande med at det blir lagt til kyrkjevert sin oppgåve. Behovet må meldast inn til kyrkjekontoret, som viderefremidler. Publiserast på kyrkja si heimeside, facebook, kunngjeringar i gudsteneste, og som eit fast innlegg i Kvardag & Helg.

S 26/24	KLOKKARTENESTA
	Dette har vore som drøftingssak i soknerådet tidlegare. Slik stoda er no er det veldig få personar til å dela på denne oppgåva. Vert tatt opp som drøftingssak i soknerådet.
	Fedje sokneråd sitt forslag er å involvera konfirmantane.

S 27/24	SAMARBEID MED BEDEHUSET
	Soknerådsleiar har hatt møte med styret i bedehuset om samarbeidet vedr. årets julefest. Datoen er 5. januar, tid er ikkje fastsett. Det blir eit planleggingsmøte i starten av desember, dato kjem, der det er to frå styret i bedehuset, og to frå soknerådet som møter. Frå Fedje sokneråd møter Odd-Arild Torstensen og Hilde Koppen.